

Fellesførebuande fellesnemnd
Ordførarar i Lindås, Meland og Radøy

Søknad om støtte til fellessamling for ungdomsråda

På vegne av ungdomsråda i Lindås, Meland og Radøy søker vi om kr. 50,000,- for å gjennomføra fellessamling vinteren 2018.

Vi ynskjer å samla ungdomsråda ein helg, fredag-sundag.

Støtta er tenkt til å dekkja utgifter knytt til leige av overnattingssted, mat og materiell.

Føremål og innhald

Føremålet med samlinga er blant anna;

- drøfta moglege modellar for ungdomsråda i Alver kommune
- å skapa ein felles kultur
- styrkja relasjonane mellom ungdomane i dei 3 kommunane
- bli kjend med korleis dei ulike råda jobbar og kva saker dei behandlar

Det er naturlegvis viktig å skapa engasjement og fellesskapskjensle på veg inn i Alver kommune. Denne samlinga vil vera ein viktig arena der ungdomane kan starta på dette arbeidet.

Dersom fellesførebuande fellesnemnd/Ordførarar har konkrete oppgåver eller spørsmål som er relevante for denne samlinga, så gje oss ein melding. Det hadde vore ein spennande utfordring.

Vi ønskjer og gjerne at ein eller fleire av dykk kjem og presenterer samanslåinga for råda. De vil få informasjon om tid og stad, så snart vi ser at dette let seg gjennomføra. Vi håpar å gjennomføra samlinga innan februar 2018

Helsing ungdomsråda i Lindås, Radøy og Meland v/:

Morten Stokke,
Leiar Lindås Ungdomsråd

Alexander Øglend,
Leiar Radøy Ungdomsråd

Silje Nordal,
Leiar Meland Ungdomsråd